

# – Ikkje alle uterom kan få universell utforming

## ■ Seminar såg på Sørstrand Folkepark

FLORØ: – Vi må få litt has på sutrekulturen. Alle stiar og store uteområde kan ikkje vere universelt utforma. Vi må velje mellom kvar det kan gjerast noko kva som ikkje går, eller kva vi kan gjere noko med seinare.

OLAV HATLEMARK  
olav@firdaposten.no

Oppsummerer Elisabeth Solheim, folkehelsekoordinator i Flora kommune. Denne veka har ho vore med og arrangert eit større seminar om «Universell utforming» (UU) av offentlege uteområde med eit utgangspunkt i det som er gjort i Sørstrand Folkepark.

### Økonomi

– Her ser eg UU frå synsstad til ein kommune med dårleg råd, seier Solheim.

Ho meiner det vil vere eit for strengt og dyrt om til dømes heile vegen ned til badestranda til Sørstrand må byggast om for å tilfredsstille alle krav.

– Det får vi eventuelt gjere om det skal byggast ein ny stikkveg inn i området.

Landskapsarkitekt Anna Wathne i Asplan Viak er einig.

– Dette er diskusjonar vi må ta



**PÅ BRUA:** I regn på Sørstrand. Litt imponerte deltakarar på seminaret om Universell utforming av uteområde. Sidsel Stavøstrand frå rådet for funksjonshemma i Flora kommune ville ha glisikra brudekjet og avslutninga er ikkje bra nok. Framme til venstre står Elisabeth Solheim og til høgre varaordførar Jan Henrik Nygård. Foto med regn på linsa: Olav Hatlemark

**Universell utforming**

- Produkt, byggverk og uteområde i vanleg bruk, skal utformast slik at alle menneske skal kunne bruke dei på ein likestilt måte så langt råd er utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel. Krava er regulert gjennom forskrifter og plan- og bygningslova.

med organisasjonane til dei funksjonshemma. Her handlar det om god dialog.

### Passar alle

Ho legg til at det ideelle likevel er at ein prøver å tenkje universell utforming frå start til endeplass. Oftast er det slik at det som er bra

for funksjonshemma også vil ha ei utforming for alle andre.

Målet med seminaret har vore å få gode råd, heve kunnskap og dra inn nye nettverk.

Initiativet kom frå varaordførar Jan Henrik Nygård, leiar for styret til folkeparken, eit styre som verkeleg har fått fart på

utbygginga etter at Magne Hovland og nokre kompisar starta arbeidet med parken på rein dugnad.

Flora kommune var godt representert på seminaret som og hadde med deltakarar frå fylkeskommunen, og kommunane Førde og Jølster.

## Treng benker og toalett

– Her har de fått mykje for pengane, seier ei litt imponert Anna Wathne, etter besøk på Sørstrand.

OLAV HATLEMARK  
olav@firdaposten.no

Wathne er landskapsarkitekt i Asplan Viak, ekspert på Universell utforming, og sentral forelesar på seminaret om emnet i Florø.

Vegen innover i parkområdet på Sørstrand er utbetra og nygrusa. Wathne hadde likevel innvendingar.

– Her er brukt for grov grus. Nokre parti er for bratte og feil kurva for å kunne kallast Universell utforma. Men kontrasten mot terrenget kring gjev god leivne for svaksynte. Her burde og lagast til fleire kvileplassar. Dei som har problem med å gå

må kunne sette seg ned og kvile. Det vil opne området for fleire. For mange er det er langt å gå heilt til badestranda. Ho minner om at det ikkje er ei lita gruppe vi snakkar om.

Heile 16 prosent av dei mellom 15 og 65 år har ei eller anna form for rørslehemming. I tillegg kjem den store gruppe av eldre.

Wathne vil sette benkar langs utsida av vegen. Her ville ho også plassere boskoger.

– Folk lærar seg til å forsøpe om dei ikkje har nokon plass å legge bosset. Å få på plass toalett vil og vere viktig for å unngå forsøpling. Men og for opne tilgangen til badestranda for eldre og funksjonshemma. grupper som brukar ekstra lang tid på å ta seg heim att frå området. Her må dei som planlegg parken også tenke nøyte over kvar beste plasseringa for eit toalett vil vere.

**Nynorske**  
litteraturdagar 2012

**Aurland 26. - 28. oktober**  
Ei helg fullspekka med språk, litteratur, musikk og humor, der du m.a. kan oppleve:

Linda Eide  
Agnes Ravatn  
Lars Mæhle  
Olaug Nilssen  
Tønnes  
Ola og Lars Bremnes  
Brit Bildøen  
Gabriel Fliflet  
Åshild Ulstrup  
Ove Eide  
Roy Aron Myklebust  
Arnhild Litteré

Alt om den nynorske kulturfesten finn du på [nynorskilitteraturdagar.no](http://nynorskilitteraturdagar.no)

Aurland Sparebank    ECO    Aurland kommune  
ditt naturlege val

**BERGENHELG**  
**DAGFINN LYNGBØ**

STEREO  
PREMIERE 30. AUGUST

**KRISTIAN VALEN**

HILLEVÅG HOLLYWOOD  
RICKS TEATER FRA 11. OKT.

**SHOWPAKKE MED HOTELL**

Bestilling: 09901  
Bergenhelg.no

Radisson